




## MEDBORGERNOTAT

#1

«Samarbeidspartia i norsk politikk – kor godt likar veljarane dei andre partia?»

Marta Rekdal Eidheim  
[Marta.Eidheim@uib.no](mailto:Marta.Eidheim@uib.no)  
Universitetet i Bergen  
Juli 2017



Digital Social Science  
Core Facility



## Samarbeidspartia i norsk politikk – kor godt likar veljarane dei andre partia?

Det er ikkje per i dag klart akkurat kven som vil ta del i ei regjering verken dersom raudgrøn- eller borgarleg side får fleirtal etter stortingsvalet hausten 2017. Veljarane til dei ulike partia kan gi oss eit interessant innblikk i kva for parti dei sympatiserer med, og vidare også vere med på å fortelje oss noko om samarbeidsklima blant dei ulike partia på Stortinget. I tillegg kan sympati for andre parti indikere kvar veljarane vil gå dersom dei bestemmer seg for å stemme på eit anna parti 2017 enn dei gjorde i 2013.

Spørsmålet om kor godt partia sine veljarar likar eventuelle samarbeidsparti, kan svarast på ved å sjå på responsen frå over 5000 respondentar i Norsk medborgerpanel si niande runde.

### Kort om data og koding

Datagrunnlaget i dette notatet er Norsk medborgerpanel runde 9. Denne spørjeundersøkinga var i felt i mai 2017. Spørsmålet om kva respondentane synest om dei ulike partia var stilt slik i undersøkinga:

*Vi vil gjerne be deg vurdere hvor mye du liker eller misliker de ulike politiske partiene i Norge.*

*Arbeiderpartiet*

*Høyre*

*Fremskrittspartiet*

*Kristelig Folkeparti*

*Venstre*

*Sosialistisk Venstreparti*

*Senterpartiet*

*Miljøpartiet de Grønne*

Svaralternativ:

*Misliker svært mye*

*Misliker mye*

*Misliker noe*

*Verken misliker eller liker*

*Liker noe*

Liker mye

Liker svært mye


I denne oversikta er dei opphavelige sju svaralternativa redusert til tre kategoriar - 1 «Misliker», 2 «Verken misliker eller liker» og 3 «Liker». Alternativa «Misliker svært mye», «Misliker mye» og «Misliker noe» er slått saman til «Misliker». «Verken misliker eller liker» er framleis kategorien i midten, og alternativa «Liker noe», «Liker mye» og «Liker svært mye» utgjer ein «Liker»-kategori.

I tillegg til denne liker/misliker-variabelen er det her sentralt for grafane kva parti respondentane stemte på ved stortingsvalet i 2013. Mange av respondentane i Norsk medborgerpanel har vore med i panelet sidan 2013/2014 (høvesvis runde 1 og runde 3). Då dei vart rekruttert vart dei blant anna stilt spørsmål om kva for parti dei stemte på ved førre stortingsval. Det er respondentane som vart rekruttert i runde 1 og runde 3 som er inkludert her. Ein årsak til dette er at det er fare for at folk hugsar feil når det byrjar å verte lenge sidan valet. Ved å berre ta utgangspunkt i dei som svarte på kva dei stemte på ved stortingsvalet i runde 1 (hausten 2013) og runde 3 (hausten 2014), så reduserer ein sannsynlegvis talet på folk som hugsar feil parti, og data vert meir presise.

## Dei raudgrøne veljarane

### Arbeidarpartiveljarane

Under ser vi ei oversikt over kva sympati veljarane som stemte Arbeiderpartiet i 2013 har for moglege samarbeidspartnarar.



Partiet dei likar best ser ut til å vere Senterpartiet. Nesten halvparten av arbeidarpartiveljarane i utvalet ser ut til å like Sp. SV kjem her på ein andreplass over best likte parti med over 40 prosent som likar partiet. Likevel er det omtrent ein tredjedel som også mislikar partiet, og dei kjem difor dårlegare ut enn Senterpartiet.

Både Krf og Venstre, som ikkje høyrer til den raudegrøne sida på Stortinget, kan vere potensielle samarbeidspartnarar for Arbeiderpartiet etter valet<sup>1</sup>. Desse partia er mindre likt av veljarane enn dei gamle samarbeidspartia frå førre gong Arbeiderpartiet satt i regjering. Rundt 58 prosent oppgir at dei mislikar Krf, og rundt 20 prosent oppgir at dei likar Krf. Dermed kan det tyde på at Arbeiderpartiet sine veljarar ved førre val ikkje er like ivrige etter å samarbeide med Krf som leiinga i partiet<sup>2</sup>. Biletet ser rimeleg likt ut når det gjeld Venstre. Om lag 55 prosent seier at dei mislikar Venstre, og 23 prosent seiar at dei likar partiet.

Analysen her seier ikkje noko om kor vidt Ap vil få nye veljarar eller miste veljarar ved å opne for samarbeid med sentrumparti. Sjølv om dei kanskje mistar nokre gamle veljarar ved å gå til sentrum, kan dei håpe på å tiltrekke seg nye ved å søke samarbeid i ei slik retning.


---

<sup>1</sup> I dette intervjuet med VG fortel leiar av Arbeiderpartiet, Jonas Gahr Støre, at han er open for samarbeid med Krf og Venstre. Det kjem også fram at Støre meiner det vert for stort skilje mellom Ap og MDG til at dei kan samarbeide: <http://www.vg.no/nyheter/innenriks/arbeiderpartiet/ap-jonas-slik-kan-min-regjering-bli/a/24104246/>

<sup>2</sup> Ap-leiinga vil ikkje konkludere med kven dei helst vil samarbeide med av SV og Krf: <https://www.dn.no/nyheter/2017/04/18/0456/Politikk/store-vil-ikke-velge-mellom-sv-og-krf>

## Senterpartiveljarane


I figuren under ser vi kva for parti dei som stemte Senterpartiet ved førre stortingsval sympatiserer med.



Det er tydeleg at Arbeidarpartiet her er mest populære; i overkant av 60 prosent av Sp-veljarane i 2013 seier dei likar partiet, medan omtrent 20 prosent mislikar partiet. Dei andre partia er Sp-veljarane på langt nær like glade i. Krf ser ut til å vere meir populært enn SV, der er det omtrent like mange som likar og mislikar partiet. Dermed er SP-veljarane ved førre val meir velvillige overfor sentrumskamerat Krf enn det Arbeiderpartiet sine veljarar er. Dei som stemte SP i 2013 er ikkje særleg begeistra for SV. Omtrent halvparten mislikar SV, og rundt 27 prosent likar partiet.

## SV-veljarane

Under ser vi grafen som viser kven dei som stemte SV i 2013 sympatiserer med.




På lik linje som hjå SP-veljarane, er det Arbeiderpartiet som er best likt av SV sine veljarar. Omtrent 75 prosent seier at dei likar partiet, medan rundt 12 prosent mislikar partiet. Partiet som kjem nest best ut i denne veljargruppa er MDG, der om lag 60 prosent av SV-veljarane seier at dei likar partiet, og 21 prosent mislikar partiet. SV-veljarane er litt mindre begeistra for tidlegare regjeringsfelle SP enn dei to andre nemnde partia; 44 prosent oppgir at dei likar partiet, medan 30 prosent oppgir at dei mislikar det. Det er her KrF, som i dag støttar den sittande regjeringa, som ikkje overraskande kjem tydeleg dårlegast ut blant SV-veljarane. Det er 65 prosent som mislikar KrF og berre 18 prosent som likar partiet.

## Støttepartia sine veljarar

### Krf-veljarane

Grafen under viser korleis dei som stemte Krf i 2013 ser på potensielle samarbeidsparti. I og med at Krf vert rekna som ein joker i regjeringsspørsmålet, og potensielt kan samarbeide med begge dei to hovudblokkene, er parti frå både raudgrøn og borgarleg side inkludert i grafen<sup>3</sup>.

<sup>3</sup> Krf-leiar Knut Arild Hareide har imidlertid gjort det klart at ei borgarleg regjering er førstevallet: <https://www.nrk.no/rogaland/sverger-troskap-til-erna-1.13622570>



Når det kjem til regjeringspartia er det nokså forventa stor forskjell mellom kva veljarane til Krf ved førre val synest om høvesvis Høgre og Frp. Det er omtrent 60 prosent som likar Høgre, og cirka 26 prosent som mislikar partiet. Når det gjeld Frp er Krf-veljarane heller skeptiske, og vi ser at om lag 72 prosent seier at dei mislikar partiet, medan berre 20 prosent likar partiet.

Ser vi vidare på støttepartikollega Venstre, så tyder tala her på at det er fleire Krf-veljarar som mislikar enn likar partiet, men det tydeleg færre Krf-veljarar som mislikar Venstre enn regjeringspartiet Frp. Det er også ein god del som stiller seg nøytrale til Venstre (24 prosent).


Når det gjeld dei raudgrøne partia så ser det ut til at det er Senterpartiet som kjem best ut blant Krf-veljarane. Eit resultat som kanskje ikkje er uventa då Senterpartiet har opplevd auka popularitet det siste halve året, samt at Sp og Krf sine veljarar står nærare kvarandre i ein del haldningar (sjå andre Medborgernotat). 53 prosent av Krf-veljarane oppgir at dei likar Sp, medan 27 prosent oppgir at dei mislikar partiet. Arbeiderpartiet er det cirka 47 prosent som seier at dei likar, og samtidig er det omtrent 36 prosent som mislikar partiet. Det ser derfor ut til at Krf sine veljarar frå 2013 likar Høgre betre enn Arbeiderpartiet i Norsk medborgerpanel si niande runde, og at desse veljarane er meir splitta i synet på Ap enn i synet på Høgre<sup>4</sup>.

<sup>4</sup> Det er her sjølvsagt relevant å nemne at utvalet er lite fordi det er relativt få Krf-veljarar og at resultatene vert meir usikre enn om det hadde dreia seg om til dømes Arbeiderparti-veljarar som er ei større gruppe. Til sist i dokumentet er det lagt til meir talmateriale med tal på utval og konfidensintervallar.

Vidare indikerer disse tala at SV er omtrent like upopulære blant Krf sine veljarar ved førre val som Frp. Om lag 71 prosent seier at dei mislikar SV, medan cirka 13 prosent seier at dei likar partiet.

## Venstre-veljarane

Venstre går til val på ei ny borgarleg regjering<sup>5</sup>, og difor er det dei borgarlege partia som er inkludert i grafen. I tillegg er Arbeiderpartiet open for å snakke med alle partia som ikkje er i regjering, og difor er dei også lagt til i grafen.



Biletet her er ganske tydeleg; Venstre sine veljarar frå 2013 er mest nøgde med Høgre av dei borgarlege partia. 57 prosent seier dei likar partiet, og 25 prosent mislikar partiet. Regjeringa sitt andre parti, Frp, er derimot lite populært hjå venstre-veljarane. Heile 85 prosent mislikar Frp, medan 10 prosent likar partiet. Når det gjeld sentrumsfelle Krf, så ser det ut til at fleire mislikar enn likar partiet (noko vi frå grafen over såg var gjensidig). Omtrent halvparten av Venstre-veljarane mislikar Krf, medan cirka 29 prosent likar dei. Det som kanskje er mest interessant i denne grafen er at Venstre-veljarane frå 2013 likar Arbeiderpartiet omtrent like godt som med Høgre. 57 prosent oppgir at dei likar Arbeidarpartiet, og 28 prosent oppgir at dei mislikar partiet.


## Regjeringspartia

### Høgre-veljarane

I grafen under ser vi dei som stemte Høgre i 2013 sin sympati for dei andre borgarlege partia.

<sup>5</sup> <http://www.dagbladet.no/nyheter/skei-grande-sier-nei-nei-og-atter-nei-til-regjering-med-ap/68541706>






Blant Høgre sine veljarar frå førre val er det regjeringspartipartner Frp som er mest populært blant dei potensielle samarbeidspartia. Halvparten av Høgre sine veljarar seier at dei likar partiet. Samtidig er det ein relativt stor del (om lag 34 prosent) som mislikar partiet. Når det gjeld dei to støttepartia ser sympatien omtrent lik ut. Om lag halvparten av Høgre-veljarane mislikar Krf og Venstre. Omtrent ein fjerdedel mislikar desse to partia, og omtrent ein fjerdedel er nøytrale til dei to respektive støttepartia.

### Frp-veljarane

Nedanfor ser vi grafen som viser Frp-veljarane ved førre val sitt syn på dei ulike borgarlege partia.



For Frp-veljarane må ein kunne tydeleg konkludere med at Høgre er det best likte partiet. 80 prosent av Frp sine veljarar oppgir at dei likar Høgre, og 11 prosent mislikar partiet. Sympatien for dei to støttepartia er heller låg. Omtrent 67 prosent av Frp-veljarane mislikar Krf, og rundt 13 prosent likar partiet. Venstre verkar å vere endå mindre populære hjå Frp-veljarane frå 2013. 78 prosent mislikar partiet, og berre 6 prosent seier at dei likar partiet.

## Oppsummering

I dette notatet er det presentert ei oversikt over kor godt dei ulike partia likar moglege samarbeidsparti. Dette er relevant fordi det kastar lys over eit av dei mest sentrale spørsmåla før valet, nemleg om kven som skal samarbeide om å styre landet dei neste fire åra.

Hovudtrekka i det som kjem fram her er blant anna at Arbeidarpartiet sine veljarar ved førre val føretrekk dei gamle partnarane frå den raudegrøne regjeringa framfor Krf og Venstre. Senterpartiet sine veljarar frå 2013 likar som venta Arbeidarpartiet, men tala indikerer at dei har meir til overs for Krf enn SV. SV sine veljarar ved førre val likar Arbeidarpartiet klart best. Ein ikkje liten del av SV-veljarane likar Senterpartiet. SV-veljarane frå 2013 har i liten grad sympati med Krf.

Når det gjeld sentrumspartia så tyder desse tala på at dei som stemte Krf ved førre val sett meir pris på Høgre enn Arbeidarpartiet. Tala kan også indikere at Senterpartiet er meir populært enn Arbeidarpartiet blant desse veljarane. Vidare likar ikkje Krf-veljarane verken SV eller Frp særleg godt. Dei to partia kjem like dårleg ut i desse resultatane. Hos Venstre-veljarane frå 2013 ser det ut som Høgre og Arbeidarpartiet er like populære. Omtrent halvparten av Venstre-veljarane mislikar Krf, og eit fleirtal av desse veljarane mislikar Frp.

Blant regjeringa sine veljarar så kjem det mellom anna fram at dei som stemte Høgre i 2013 har tydeleg mest sympati med regjeringspartner Frp. Dei to sentrumspartia er det generelt fleire av dei som stemte Høgre i 2013 som mislikar enn likar. Frp sine veljarar frå førre val er generelt tydeleg godt nøgde med Høgre. Delen som likar Høgre er større blant Frp sine 2013-veljarar enn delen som likar Frp blant Høgre sine 2013-veljarar. Dei to samarbeidspartia i sentrum står heller dårleg i kurs hjå dei som stemte Frp ved førre val, og eit stort fleirtal av veljarane mislikar dei to støttepartia.

Det er verdt å understreke at denne analysen dreier seg om sympatien til dei som stemte på dei ulike partia ved førre val. Det er sannsynleg at signal om nye moglege samarbeid kan påverke stemmevalet

til hausten. Slik sett kastar tala her kastar lys over dei ulike strategiske avvegingar alle parti må gjere, og viser samtidig at dette nødvendigvis ikkje er enkelt.

runde_nr	runde_navn	parti_valgt_2013	omtaler_parti	kategori	andel	95 % konfidensintervall		N
9	vår 2017	AP	KRF	Misliker	0,58	0,55	0,61	1077
9	vår 2017	AP	KRF	Nøytral	0,22	0,20	0,24	1077
9	vår 2017	AP	KRF	Liker	0,20	0,18	0,22	1077
9	vår 2017	AP	Venstre	Misliker	0,55	0,52	0,58	1075
9	vår 2017	AP	Venstre	Nøytral	0,22	0,20	0,25	1075
9	vår 2017	AP	Venstre	Liker	0,23	0,21	0,26	1075
9	vår 2017	AP	SP	Misliker	0,26	0,23	0,28	1073
9	vår 2017	AP	SP	Nøytral	0,26	0,23	0,28	1073
9	vår 2017	AP	SP	Liker	0,49	0,46	0,52	1073
9	vår 2017	AP	SV	Misliker	0,37	0,34	0,40	1075
9	vår 2017	AP	SV	Nøytral	0,21	0,19	0,24	1075
9	vår 2017	AP	SV	Liker	0,42	0,39	0,45	1075
9	vår 2017	SP	AP	Misliker	0,20	0,14	0,27	158
9	vår 2017	SP	AP	Nøytral	0,15	0,10	0,21	158
9	vår 2017	SP	AP	Liker	0,66	0,58	0,73	158
9	vår 2017	SP	SV	Misliker	0,49	0,41	0,57	159
9	vår 2017	SP	SV	Nøytral	0,24	0,18	0,31	159
9	vår 2017	SP	SV	Liker	0,27	0,21	0,35	159
9	vår 2017	SP	KRF	Misliker	0,37	0,30	0,45	159
9	vår 2017	SP	KRF	Nøytral	0,26	0,20	0,34	159
9	vår 2017	SP	KRF	Liker	0,36	0,29	0,44	159
9	vår 2017	SP	AP	Misliker	0,20	0,14	0,27	158
9	vår 2017	SV	AP	Misliker	0,12	0,09	0,16	288
9	vår 2017	SV	AP	Nøytral	0,13	0,09	0,17	288
9	vår 2017	SV	AP	Liker	0,75	0,70	0,80	288
9	vår 2017	SV	SP	Misliker	0,30	0,25	0,36	288
9	vår 2017	SV	SP	Nøytral	0,25	0,21	0,31	288
9	vår 2017	SV	SP	Liker	0,44	0,39	0,50	288
9	vår 2017	SV	MDG	Misliker	0,21	0,17	0,26	288
9	vår 2017	SV	MDG	Nøytral	0,19	0,15	0,24	288
9	vår 2017	SV	MDG	Liker	0,60	0,54	0,65	288
9	vår 2017	KRF	Høyre	Misliker	0,27	0,21	0,33	210
9	vår 2017	KRF	Høyre	Nøytral	0,14	0,10	0,19	210
9	vår 2017	KRF	Høyre	Liker	0,60	0,53	0,66	210
9	vår 2017	KRF	FRP	Misliker	0,72	0,66	0,78	210
9	vår 2017	KRF	FRP	Nøytral	0,07	0,04	0,12	210
9	vår 2017	KRF	FRP	Liker	0,20	0,16	0,27	210
9	vår 2017	KRF	Venstre	Misliker	0,40	0,34	0,47	213
9	vår 2017	KRF	Venstre	Nøytral	0,24	0,19	0,31	213
9	vår 2017	KRF	Venstre	Liker	0,35	0,29	0,42	213
9	vår 2017	KRF	AP	Misliker	0,37	0,31	0,44	212
9	vår 2017	KRF	AP	Nøytral	0,17	0,12	0,22	212
9	vår 2017	KRF	AP	Liker	0,47	0,40	0,53	212
9	vår 2017	KRF	SP	Misliker	0,27	0,22	0,34	212

9	vår 2017	KRF	SP	Nøytral	0,19	0,15	0,25	212
9	vår 2017	KRF	SP	Liker	0,53	0,47	0,60	212
9	vår 2017	KRF	SV	Misliker	0,71	0,64	0,77	212
9	vår 2017	KRF	SV	Nøytral	0,17	0,12	0,22	212
9	vår 2017	KRF	SV	Liker	0,13	0,09	0,18	212
9	vår 2017	Venstre	H	Misliker	0,24	0,20	0,30	278
9	vår 2017	Venstre	H	Nøytral	0,18	0,14	0,23	278
9	vår 2017	Venstre	H	Liker	0,57	0,51	0,63	278
9	vår 2017	Venstre	FRP	Misliker	0,85	0,80	0,88	279
9	vår 2017	Venstre	FRP	Nøytral	0,06	0,04	0,09	279
9	vår 2017	Venstre	FRP	Liker	0,10	0,07	0,14	279
9	vår 2017	Venstre	KRF	Misliker	0,50	0,44	0,56	279
9	vår 2017	Venstre	KRF	Nøytral	0,21	0,16	0,26	279
9	vår 2017	Venstre	KRF	Liker	0,29	0,24	0,35	279
9	vår 2017	Venstre	AP	Misliker	0,28	0,23	0,34	279
9	vår 2017	Venstre	AP	Nøytral	0,15	0,11	0,20	279
9	vår 2017	Venstre	AP	Liker	0,57	0,51	0,62	279
9	vår 2017	Høyre	FRP	Misliker	0,34	0,31	0,37	1031
9	vår 2017	Høyre	FRP	Nøytral	0,16	0,14	0,18	1031
9	vår 2017	Høyre	FRP	Liker	0,50	0,47	0,53	1031
9	vår 2017	Høyre	KRF	Misliker	0,49	0,46	0,52	1033
9	vår 2017	Høyre	KRF	Nøytral	0,26	0,23	0,28	1033
9	vår 2017	Høyre	KRF	Liker	0,25	0,23	0,28	1033
9	vår 2017	Høyre	Venstre	Misliker	0,52	0,49	0,55	1029
9	vår 2017	Høyre	Venstre	Nøytral	0,24	0,22	0,27	1029
9	vår 2017	Høyre	Venstre	Liker	0,24	0,21	0,26	1029
9	vår 2017	FRP	Høyre	Misliker	0,11	0,08	0,14	406
9	vår 2017	FRP	Høyre	Nøytral	0,09	0,07	0,13	406
9	vår 2017	FRP	Høyre	Liker	0,80	0,76	0,83	406
9	vår 2017	FRP	Venstre	Misliker	0,78	0,74	0,82	410
9	vår 2017	FRP	Venstre	Nøytral	0,16	0,13	0,20	410
9	vår 2017	FRP	Venstre	Liker	0,06	0,04	0,09	410
9	vår 2017	FRP	KRF	Misliker	0,67	0,62	0,71	409
9	vår 2017	FRP	KRF	Nøytral	0,21	0,17	0,25	409
9	vår 2017	FRP	KRF	Liker	0,12	0,10	0,16	409